

**Stønaden frå Næringsfondet til SAJA**

20.05.2013

**Uskedalen.no har skrive om stønaden frå Næringsfondet til den nye kafeen  
Ein kan få intrykk av at politikarane ikkje var like gavmilde som  
Rådmannen og dermed reduserte den føreslegne summen frå kr. 50.000,-til kr 30.000**

Grunnen til reduksjonen er at i reglane for tildeling frå Næringsfondet er det sett Kr 30.000,- som høgaste moglege tildelingssum for denne type næringstiltak. Kvifor Rådmannen ikkje har merka seg regelen kan ein jo undra seg over.

Då saka vart handsama i Næringsrådet fekk eigarane av SAJA positiv omtale av fleire politikarar. Og ein løyvde altså maksimaltilskot til dette nye føretaket.

Underskrivne har fleire gonger vore innom kafèen og kan skriva under på at maten er god. Ein er svært glad for at nye arbeidsplassar vert skapte i vår kommune.

Då er det opp til uskedalingane å nytta dette nye tilbodet og visa at vi set stor pris på å ha ein kafè i bygda.

**Kjell Yri**